Ågotnes skule

Referat frå møte 1 i SU/SMU

Stad:	Ågotnes sk.	**Dato:**	04.11.2026	**Møtenr.:**	1/2026-2027
Referent:	Magne Abelsen				
Deltakarar:	Stian Telle (politisk repr.) og Tore Foldnes (rektor/politisk repr.) Ane Rong (FAU-leiar), Ine Iversen Efteland (FAU-nestleiar) Kristine G. Angeltveit og Karina Ramstad (lærarrep.) Anne Merete Tøssebro (andre tilsette) Johannes Dahle Vik og Emma Vågheim (elevrådsrepresentantar)				
Ikkje møtt:					

Tema:	**Kva:**	**Oppfølging:**
Saker frå skulen:	**Miljøretta helsetilsyn** Skulen har hatt nytt miljøretta helsetilsyn. Rapporten viser to avvik. Det eine avviket er knytt til å handsame av mattryggleik, mellom anna liste for å registrere temperatur i kjøleskapet på skulekjøkkenet. Det andre avviket gjeld manglande førstehjelpsutstyr. Rektor meiner det handlar om at vi har mykje førstehjelpsutstyr, men litt manglande oppfølging av rutine for å oppdatere innhaldet i førstehjelpsskrin og fjerne førstehjelpsskap som ikkje lengre er i bruk. Rektor har tru på at vi kan utbetre dei to avvika og bli helseverngodkjent for første gong i skulen si historie. **Nytt bossanlegg** I haustferien grov dei ned konteinarar og det meste er klart. Vi ventar på asfaltering og at ØyVar skal få bil til å tømme dei nye konteinarane. Skulen må innarbeide nye rutinar for kven og når klassane skal kaste boss. **Rektorar med innlegg i VestNytt** Rektorane har sendt samla brev til lokalavisa og fått det på trykk. Dei er uroa for at kommunen skal investere i ny skule, og at den investeringa fører til kutt i ressursar til oppvekst og at det vil gå ut over drifta av skulane i oppvekst. Rektorane er også uroa for at ein går i gang med byggetrinn ein av skule på vestsida, men at ein ikkje kjem i gang med byggetrinn to, og då blir det auka driftskostnadar ved å drive to skular. Politisk hald har notert seg skrivet frå rektorane, og innhaldet har fått blanda reaksjonar i det politiske miljøet. **Rektorstillinga på Ågotnes**	

	Skulesjefen er i tilsettingsprosess med intervjuar til stillinga som ny rektor på Ågotnes skule. Reknar med det kjem ei avklaring dei næraste vekene.	
Saker frå SFO:	**Smørelunsj på SFO om fredagen** Anne-Merete har vore i kontakt med andre SFO'ar i kommunen og planlegg å starte opp med smørelunsj om fredagen, som ein fin avslutning på veka. Det står om mat og måltid i SFO-rammeplan og dei tilsette har kome med ønske om å lage smørelunsj. Fredagen er ein god dag, for då er elevane lenge på SFO. Elevane er ute tidleg i SFO-tida, og då har dei tilsette opning for å lage klart medan elevane er ute. Ordninga vil vere foreldrebetalt, og det vil vere ca. kr. 120,- pr.mnd.	
Saker frå elevrådet:	**Superleik** Elevrådsrepresentantane har ansvar for leikar for elevane i friminutta. Leikane er delt etter småtrinn og mellomtrinn. På småtrinnet har dei nokre "gamle" leikar med Bro, bro brille og klappeleikar. På mellomtrinnet har dei også innført tid i biblioteket som dei kallar "lesechill". Stine V – vaksenleiar for elevrådet - har kjøpt inn ein del leikar og utstyr. FAU er velvillige til å støtte med ball og anna utstyr; hoppetau, slåball, m.m. Dei skal drøfte det i FAU og så kan gjerne elevrådet eller klassane komme med ønskjer. **Snilt e' kult** Elevrådet var ein dag på kinoen og bowlingen og hadde innslag frå Rolf Øvretveit. Då brukte dei tid på å planlegge Snill e' kult-dagen, som er tenkt å vere på alle skulane. Vårt elevråd hadde forslag om teikning, fotball. Dei har også tenkt å delta på marknad for å samle inn pengar til barneklinikken på Haukeland sjukehus. Rolf kjem og til skulen 16. November. Då skal han dele ut refleksband med Snill e' kult og 5. trinn får utdelt Snill e' kult-trøyer, slik som dei andre trinna har fått tidlegare.	
Saker frå FAU:	**Gratisbutikk** FAU opna gratisbutikk ein dag for nokre veker sidan. Det var 10 personar i kø når dei opna og omtrent 80 var innom i løpet av dagen. Det er gjengløymte klede på skulen som får nytt liv. Dei som fekk gratis klede var veldig takksame. Kundane var både foreldre ved skulen og ein del andre. Fleire ga uttrykk for at dei hadde klede å gi til gratisbutikken, men det må dei tenkje gjennom korleis dei skal organisere før dei startar med det.	

	Lage nokre retningslinjer for gløymte klede; t.d. eit stativ med klede til henting i 3 mnd. før dei blir flytta til gratisbutikken. Rektor har vore i kontakt med Eigedom Drift og fått svar at når det er ein gratisbutikk, utan inntekter men med ideelle formål, så kan ein nytte lokala. Då kan vi rydde lokala og FAU kan male veggar (om dei ønskjer), byggje hyller langs veggane o.l. (evt. utfordre lokale bedrifter til å hjelpe med å male, byggje hyller o.l.). Då treng ikkje bomberommet vere til utlån når kantina vert nytta til bursdagar eller andre arrangement. Omtrent 80% av kleda som var i gratisbutikken fekk nye eigarar den første dagen butikken var open. VestNytt kom og laga ein flott, positiv sak.	